



Full fart mot ein betre plassering på tabellen? Vegard Ludvigsen med dampen oppe på vingen

Rosendal Turnlag har hatt ein stor laurdag. Herrelaget tok med 2-1 scora i første omgang sine første 3 poeng mot Askøylaget Hetlevik som også var poenglause før oppgjeret. Denne gongen var 2 uskedelingar på grasmatta. Før kampen vart det etterlengta toalettanlegget offisielt opna - også det eit resultat av overrislinga frå Sparebankstiftinga.



Så folksomt var det ikkje så mange gongar framfor målet til bergenserane

Rosendals første mål i kamp nummer 7 vart sett inn av uskedelingen Anders Bakke Berntsen. Den andre uskedeling på laget denne gongen var Kristoffer Rød. I andre omgang gjorde gjestane iherdige forsøk på å utlikna, men også dei var heller ineffektive foran mål samstundes som keeperspelet til Huse var bra. Alle fotballentusiastar i distriktet håpar at Rosendalslaget no har fått hol på byllen og har starta klatringa oppover frå botnen, Laget er eigentleg godt nok for ein langt betre posisjon. Men neste kamp, som går mot Vestsiden-Askøy 4. juni kan bli tøff. Før serierunden denne helga låg dei på andrelassen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen